

Aktivitetsplan 2016/2017

Dato	Arrangement	Komite
Lau. 8. - 15. okt.	Callellafestival	Anne Mari, Johanne, Asbjørn, Stine.
Fre. 21. okt.	Heim i Haust	Reidunn, Tove, John Inge, Erling.
Søn. 23. okt.	Basar	Ingunn, John, Marte, Espen, Ola V, Alice.
Søn. 18. Des.	Julekonsert	Styret
Fre. 6. - søn. 8. jan.	Øvingshelg eigen dir.	Styret, Noteutval og nyttårskonsertkomite.
Lau. 14. jan 2017	Nyttårskonsert	Sølvi, Asbjørn, Jonathan, Mathias, Kari, Inge.
Lau. 27. april	Speling på turnstemne	Styre - noteutval

Dagens portrett: Asbjørn Våge



Har du det bra? *Kan ikkje klage. Det hjelper i alle fall ikkje.*
Gler du deg til jul? *Gler meg på vegne av alle barna, men tykkjer sjølv at tida går for fort.*
Harde eller mjuke pakkar? *Mjuke pakkar betyr eit eller anna klesplagg, men det har eg ikkje bruk for, så svaret må bli harde pakkar.*
Plast-, fure- eller grantre? *Likar best furu, men av makelighetshensyn har det blitt plast.*
Kokt egg eller speilegg? *Kokt egg (6 min.)*

Feriemål? *Håpar å få til ein tur til USA for å besøke familie.*

Tidleg i seng eller tidleg opp? *Regulerer i høve til kva eg skal gjere neste morgon.*

Sukker eller sirup til klubb? *Sirup*
Fisk eller kjøtt på grillen? *Helst kjøtt, men grilla laks er også godt.*

Skifte dekk eller vaske hus? *Må nok gjere begge deler*

Takk-for-maten-tale eller betale rekninga? *Tar gjerne ei takk-for-maten-tale dersom eg slepp å betale rekninga.*

Køyre sjølv eller sitte på? *Likar best å køyre sjølv.*

Fotballkamp eller kino? *Trur det er lengre sidan eg var på kino enn på fotballkamp.*

Vassendgutane eller Kygo? *Kven er Kygo?*

Trump eller Clinton? *Trump er ikkje heilt god, så svaret må bli Clinton.*

Konge eller president? *Konge.*

Jordbærsylte eller bringebærsylte? *Brødiskive med banan og bringebærsylte er standard til alle brødmåltid.*

Trøsykkel eller motorsykkel? *Har ikkje erfaring med romperisting, så det må bli trøsykkel*

Fyre med ved eller varmevifte? *Begge deler.*

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 08

23. årgang

September 2016

Hektisk haust for Torskangerpoll



Det er ein hektisk hausst for torskangerpoll Musikklag.

Hausten starta med konsert på Trebåtfestivalen i Ulsteinvik. Inne i bladet kan du sjå bilde frå konserten. Fredag 23. oktober skal Torskangerpoll Musikklag ha konsert under Heim i Haust på Raudeberg. Vi er det første laget som held konsert i det nye kulturhuset. Vi skal framføre konserten "Frå Elvis til Sinatra" med Isak Søraa som solist. Her blir det høgdepunkt frå tidlegare konsertar. Dette skjer berre dagar etter at vi kjem heim frå ein festival i Spania i nærleiken av Barcelona. Dette er den mest omfattande turen korpset har hatt. Den varer ei veke og medlemmene betalar turen sjølve. Isak Søraa skal vere med, og vi skal pspele fleire konsertar. Søndag 23. oktober er det basar i grendahuset i Vågsvåg. I forkant blir det sal av lodd på bøkene. Vil du gje gjevinst til basaren så kontakt Ingunn Kvalheim 41335683 eller ingunnkval@hotmail.com. Korpset jobbar også med å planlegge og øve til nyttårskonserten som skal vere i Samfunnshallen laurdag 14. januar 2017.

www.torskangerpoll.no

Fekk mykje skryt etter trebåtfestival i Ulsteinvik



Det var stor stemning i festivaltelet i Ulsteinvik under Trebåtfestivalen fredag 19. august.



Torskangerpoll Musikklag og solist Isak Søraa var i storform.



Første helga i september hadde vi øvings- og inspirasjonshelg med Morten Fagerjord

som var her for 3. gong og som gjorde ein god jobb. her jobba vi med mellom anna musikk til nyttårskonserten.

BASAR



Jubileumsmarkering og basar med Torskangerpoll Musikklag Søndag 23. oktober i Våge/Oppedal Grendehus

Klokka 16.00:

**Basar med mange aktivitetar;
kafeteria, åresal, loddsal. Mange flotte gevinstar.**



Arr: Torskangerpoll Musikklag

